



Brodahl-konserten var høgdepunktet i siste sesong. Her er det øving i Aktivitetshuset framfor konserten, med Anders Christensen som dirigent. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fjorårsdirigenten Anders Christensen styrer framleis den musikalske aktiviteten i skulemusikken og korpset har no ein lovande start på den nye sesongen. Det vert 40 år i 2009.

- Etter den flotte utviklinga som korpset hadde i fjor er vi svært glad for at Anders har leinga også dette året, seier styremedlem Thor Inge Døsland til uskedalen.no.
- Anders hadde med ny, svingande og spenstig musikk alt på første øving og det vi høyrde let svært lovande. Vi kan ikkje hugsa å ha høyrte korpset så bra i sesongstarten før, held Thor Inge fram.

Den første øvinga var tysdag og etter ein times speling såg korpsmedlemene saman med dirigent og styre filmopptaket som Ronny Lakselv (TV Sydvest) gjorde av konserten med Frank Brodahl. Det var både populært og inspirerende.

Tre fjorårsaspirantar hadde si første øving med korpset. Det var Ingvill Myklebust (horn), Solveig Haugland (horn) og Sondre S. Myklebust (kornett). I tillegg er det godt håp om at i alle fall ein tidlegare muskar gjer comeback og dermed vert medlemstalet litt høgare enn i fjor. Korpset kjem difor til å ha ein besetning på i overkant av 20.

Det er bra, men dei skulle hatt fleire på tuba og trombone for å ha full brassbandbesetning.

- Er det noko spennande på programmet framover hausten?
 - Om ein måned, nærare bestemt frå 19. til 21. september skal korpset delta på Karmøy Brass Festival. Vi har vore med på den dei to føregåande åra og det har vore særst vellukka.
- Der er det eit kjempegodt opplegg både musikalsk og sosialt. Elles er styret i gang med planlegging av spennande prosjekt som skal gjennomførast i løpet av sesongen og som skal avsluttast med utanlandstur, opplyser Thor Inge.

Av Ola Matti Mathisen